

Pucciniastrum epilobii (edelgranrust)

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

venche.talgo@planteforsk.no

Samandrag

Edelgranrust er sjeldan eit stort problem i juletrefelt, men det er registrert ein del skade på nordmannsedelgran. Angrepne nåler vert brune, krøllar seg og fell av, og toppskota kan verta skeive. Denne rustsoppen har mjølke og geitrams som hovudvertar.

Summary

The rust fungus *Pucciniastrum epilobii* is sometimes a problem on *Abies nordmanniana* in Norwegian Christmas tree plantations if the alternate hosts *Epilobium* spp. and *Epilobium angustifolium* are present.

Vertplante

I prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" er edelgranrust (*Pucciniastrum epilobii*) registrert som eit problem på nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*).

Symptom og biologi

Ved angrep av edelgranrust (Fig. 1) er det sjeldan at meir enn nokre få nåler vert infiserte. Dei vert brune, krøllar seg og fell av. Sjølv etter gjentatte angrep vert som regel ikkje skadane store. Dersom angrepet er kraftig, kan soppen trengja inn i skotet og gi brun nekrose i vekstpunktet. Skotet kan då utvikla seg skeivt slik at toppen peikar litt ut til sida i staden for rett opp. Ved sterke angrep kan skota dauda. Denne rustsoppen har mjølke (*Epilobium* spp.) og geiterams (*Epilobium angustifolium*) (Fig. 2) som hovudvertar (overvintring) og edelgran som mellomvert. Ein kan forventa større angrep når desse ugrasa finst i eller nær eit felt med unge tre. Om sommaren vert det danna kvite, avlange utvekstar (aecidier) på undersida av unge nåler (Fig. 1 og 3). Når aecidiene er mogne, opnar dei seg i tuppen og frigjer guloransje sporar (aecidiesporar). Desse sporane må infisera mjølke- og/eller geiteramsplanter for å utvikla seg vidare. Her vert det danna gule sporehus (uredosori som inneheld uredosporar) i vekstsesongen og brune sporehus (teleutosori som inneheld teleutosporar) om hausten. Teleutosporane vert alltid produserte på hovudverten. Når det vert vår att spirer teleutosporane og produserar basidiosporar som infiserar nye edelgrannåler. Dermed er livssyklusen slutta.




Fig. 1. Edelgranrust på fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*). Stiklestad, mai 2004. Foto: D. Friberg



Fig. 2. Geitrams er ei svært vanleg plante her i landet og er velkjent for dei fleste frå vegkantar og elles i landskapet. Edelgranrust har geitrams og mjølke som hovudvertar. Foto: S. Svendsen



Fig. 3. Nålar av nordmannsedergran med kvite utvekstar (aecidier) som vert danna på undersida av nålene ved angrep av edelgranrust. Foto: T. Pundsnes

Tiltak

Det beste tiltaket er å halda juletrefelta reine for geitrams og mjølke, men det kan vera ei vanskeleg oppgåve i praksis.

I fleire juletrefelt i Rogaland og andre stadar i landet vert det prøvd med beiting med sau. Nokre stader går dette fint, men det er også rapportert om skade av sauene på juletre. Fleire felt ligg i ulendt terreng i utmark, og der kan det vera vanskeleg å setja inn mekaniske eller kjemiske tiltak. Her, så vel som på innmark, kan beiting vera eit alternativ. Dersom ein vil satsa på sau til ugrasreinhold, har det synt seg at både val av sauerase og kunnskap om sauehald er avgjerande for kor godt resultatet vert.

Mekanisk ugrasfjerning vert svært arbeidskrevjande, og det vert difor brukt ulike kjemiske middel mot mjølke og geitrams. Før knoppene svell på juletre om våren (for å unngå sviskade), kan det brukast kjemiske middel som er effektive mot geitrams og mjølke. Problemet er det som spirer etter at verknadstida til dei kjemiske midla har gått ut. Pyntegrøntringen vil kunna gi råd om kjemiske middel og sprøytetidspunkt.

Prosjekttittel: Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

Finansiering: SND, NGF, eigeninnsats

Styringsgruppe:

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Skogselskapet

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004
ISBN 82-479-0445-4